



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 16.08.2016
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Fride Schjølberg Sortehaug	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Asbjørn Moltudal	Fungerande rådmann
Torill Osborg Vinjevoll	Leiar hjelpetiltak EM

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 130/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 131/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 132/16	Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017
PS 133/16	Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak
PS 134/16	Månadsrapport juni 2016
PS 135/16	Nye oppgåver til større kommunar – høyring
PS 137/16	Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp.
PS 138/16	Grendautvala 2016
PS 139/16	Politisk organisering – Driftsstyre
PS 140/16	TV-aksjonen 2016 - oppretting av kommunekomiteè
PS 141/16	Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - Godkjenning av selskapsavtale - justering av eigardel
PS 142/16	Kvinnepolitisk tiltak - løyving av midlar
PS 136/16	Voldsfjordkryssing AS
PS 143/16	Orienteringssaker
OS 106/16	Hornindal kommune - Melding om vedtak - endra kommunestruktur
OS 107/16	Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020- Høyring
OS 108/16	Utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur – høyring
OS 109/16	Referat frå møte med Møre og Romsdal politidistrikt 13.06.16
OS 110/16	Tilsyn - Volda kommune Brannvesenet
OS 111/16	Lokale for NAV Ørsta/Volda

- OS 112/16 **Oversending av rapport frå tilsyn/etterkontroll av Volda mottak og Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige**
- OS 113/16 **Invitasjon til Nasjonal veterankonferanse 2016**
- OS 114/16 **Volda næringsforum**

PS 130/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Sakliste:

Odd A. Folkestad kom med framlegg om at sak 136/16 vert handsama i slutten av møtet.

Odd A. Folkestad ynskte ei orientering om arbeid/planar for Volda næringsforum.

Ordføraren informerte om at han er ugild i sak PS 136/16 og kom med framlegg om Dan Bjørneset som setteordførar. Dan Bjørneset vart samrøystes valt til setteordførar i sak PS 136/16.

Sølvi Dimmen møtte kl. 14.10.

Ordføraren orienterte om agenda for kommunestyret 25. august.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg frå Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

PS 131/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte, 21.06.2016, vart samrøystes godkjent.

PS 132/16 Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.
 - a. 6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.*
 - b. 2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringscenter.**
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*
- 4. Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 5. Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.*

Handsaming:

Torill Osborg Vinjevoll, leiar hjelpetiltak for einsleg mindreårige flyktningar, orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.*

- a. *6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.*
 - b. *2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringscenter.*
2. *Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktingar og einslege mindreårige.*
3. *Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktingar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einkilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*
4. *Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktingar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktingar og einslege mindreårige.*
5. *Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktingar og einslege mindreårige.*

PS 133/16 Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med nye kvalifiseringstiltak for flyktingar, slik det kjem fram av saksutgreiinga.*
2. *Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeidet med kvalifiseringstiltaka som skildra i saksutgreiinga. Det vert oppretta ei styringsgruppe der samarbeidspartnarar og brukarar av tenestene/tiltaka er representert. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe på tvers av dei kommunale kvalifiseringstiltaka.*
3. *Samla er prosjekta kostnadsrekna til ei kostnadsramme på kr 2 714 000 og vert finansiert med tilskotsmidlar på kr 1 714 000, eigenfinansiering og bruk av tidlegare løyvde midlar på kr 1.mill.*
 - a. *Kr 1,3 mill. av tilskotsmidlane har Volda kommune fått tilsegn om, og rapporterer på:*
 - i. *IMDi (kr 400 000 til kantinedrift på rådhuset)*

- ii. Fylkeskommunen (kr 500 000 til Entreprenørskap som integrasjonsverktøy)
- iii. Fylkesmannen (kr 400 000 i prosjektskjønn til kommunale kvalifiseringstiltak)
- b. Kr 264 000 av tilskotsmidlane til prosjektet «Jobbmentor», har Høgskulen i Volda fått tilsegn om, og rapporterer på.
- c. Kr 150 000 av tilskotsmidlane har den frivillige organisasjonen «Kimen, sosial entreprenør Volda» fått tilskot om, og rapporterer på.

Handsaming:

Martin Foldal frå Sunnmøre Kulturnæringshage, orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.08.2016:

1. *Formannskapet godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med nye kvalifiseringstiltak for flyktningar, slik det kjem fram av saksutgreiinga.*
2. *Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeidet med kvalifiseringstiltaka som skildra i saksutgreiinga. Det vert oppretta ei styringsgruppe der samarbeidspartnarar og brukarar av tenestene/tiltaka er representert. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe på tvers av dei kommunale kvalifiseringstiltaka.*
3. *Samla er prosjekta kostnadsrekna til ei kostnadsramme på kr 2 714 000 og vert finansiert med tilskotsmidlar på kr 1 714 000, eigenfinansiering og bruk av tidlegare løyvde midlar på kr 1.mill.*
 - a. *Kr 1,3 mill. av tilskotsmidlane har Volda kommune fått tilsegn om, og rapporterer på:*
 - i. *IMDi (kr 400 000 til kantinedrift på rådhuset)*
 - ii. *Fylkeskommunen (kr 500 000 til Entreprenørskap som integrasjonsverktøy)*
 - iii. *Fylkesmannen (kr 400 000 i prosjektskjønn til kommunale kvalifiseringstiltak)*
 - b. *Kr 264 000 av tilskotsmidlane til prosjektet «Jobbmentor», har Høgskulen i Volda fått tilsegn om, og rapporterer på.*
 - c. *Kr 150 000 av tilskotsmidlane har den frivillige organisasjonen «Kimen, sosial entreprenør Volda» fått tilskot om, og rapporterer på.*

PS 134/16 Månadsrapport juni 2016

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapporten for juni 2016 vert teken til vitende.

Handsaming:

Rådmannen orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.08.2016:

Månadsrapporten for juni 2016 vert teken til vitende.

PS 135/16 Nye oppgåver til større kommunar - høyring**Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunestyret meiner at dei nye oppgåvene som er foreslått ikkje vil gi vesentleg effekt i form av auka lokaldemokrati og auka lokalt sjølvstyre.*
- 2. Basert på prinsippet om å halde fast ved generalistkommuneprinsippet, bør særleg spesialiserte oppgåver leggjast til det regionale nivået eller statlege institusjonar. Alternativt bør det kunne prøvast ut modellar der kommunar kan ha definert ansvar for delar av slike oppgåver når dei er lokalisert til kompetansemiljø i regionale eller statlege institusjonar.*
- 3. Kommunestyret vil be om at prosessen med overføring av nye oppgåver vert sett i lys av behovet for å styrke kommunane sitt økonomiske og juridiske handlingsrom for å utvikle lokalsamfunnet og skape grunnlag for utvikling av arbeidsplassar og busetting. Dette bør også sjåast i samanheng med utflytting/plassering av statlege arbeidsplassar ute i distriktskommunar.*
- 4. Kommunane bør i kraft av Grunnlovfesting av lokalt sjølvstyre få større råderett over primærtenestene slik at det er samsvar mellom mynde og ansvar for dei totale samanhengane mellom økonomi og kvalitet. Kommunestyret syner til konkrete døme skissert i saksutgreiinga.*
- 5. Kommunestyret vil be om at det vert gjennomført ei evaluering og nærare vurdering av grensesnittet for ansvaret for oppgåver innanfor for rus og psykiatri mellom spesialist- og primærhelsetenesta.*

Handsaming:**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret meiner at dei nye oppgåvene som er foreslått ikkje vil gi vesentleg effekt i form av auka lokaldemokrati og auka lokalt sjølvstyre.*
- 2. Basert på prinsippet om å halde fast ved generalistkommuneprinsippet, bør særleg spesialiserte oppgåver leggjast til det regionale nivået eller statlege institusjonar. Alternativt bør det kunne prøvast ut modellar der kommunar kan ha definert ansvar for delar av slike oppgåver når dei er lokalisert til kompetansemiljø i regionale eller statlege institusjonar.*
- 3. Kommunestyret vil be om at prosessen med overføring av nye oppgåver vert sett i lys av behovet for å styrke kommunane sitt økonomiske og juridiske handlingsrom for å utvikle lokalsamfunnet og skape grunnlag for utvikling av arbeidsplassar og busetting. Dette bør også sjåast i samanheng med utflytting/plassering av statlege arbeidsplassar ute i distriktskommunar.*
- 4. Kommunane bør i kraft av Grunnlovfesting av lokalt sjølvstyre få større råderett over primærtenevne slik at det er samsvar mellom mynde og ansvar for dei totale samanhengane mellom økonomi og kvalitet. Kommunestyret syner til konkrete døme skissert i saksutgreiinga.*
- 5. Kommunestyret vil be om at det vert gjennomført ei evaluering og nærare vurdering av grensesnittet for ansvaret for oppgåver innanfor for rus og psykiatri mellom spesialist- og primærhelsetenesta.*

PS 137/16 Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune skal nytte anskaffingar (innkjøp) som strategisk verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling, forsvarleg utvikling av arbeidslivet og etablering av fleire lærlingeplassar.

Kommunen skal legge vedlagde "Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner" til grunn ved innkjøp over nasjonal terskelverdi. Formannskapet får mynde til å avvike krava der det er hensiktsmessig.

Kommunestyret vil og oppmode om at strategien vert lagt til grunn ved innkjøp kommunen er med på gjennom innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

Volda kommune skal nytte anskaffingar (innkjøp) som strategisk verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling, forsvarleg utvikling av arbeidslivet og etablering av fleire lærlingeplassar.

Kommunen skal legge vedlagde "Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner" til grunn ved innkjøp over nasjonal terskelverdi. Formannskapet får mynde til å avvike krava der det er hensiktsmessig.

Kommunestyret vil og oppmode om at strategien vert lagt til grunn ved innkjøp kommunen er med på gjennom innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

PS 138/16 Grendautvala 2016

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2016.

Handsaming:

Formannskapet drøfta saka og var samde om at ordføraren får fullmakt til å formulere eit nytt punkt, vedk. grendautvala som ikkje har rapportert inn val av nytt styre.

Framlegg frå ordføraren:

Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen , med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

Volda kommune godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2016.

Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

PS 139/16 Politisk organisering - Driftsstyre

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*
 - a. *Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*
 - b. *Tenesteutval for barn og unge (TBU)*

*Utvala skal ha ... medlemmer med varamedlemmer
I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.
Endringa skjer frå 01.01.2017*

2. *Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.*

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om at utvala skal ha sju medlemmer.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*
 - a. *Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*
 - b. *Tenesteutval for barn og unge (TBU)*

*Utvala skal ha sju medlemmer med varamedlemmer
I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.
Endringa skjer frå 01.01.2017*

2. *Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.*

PS 140/16 TV-aksjonen 2016 - oppretting av kommunekomité

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap vel..... til komitéleiar.

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om varaordførar, Fride Sortehaug, som komitéleiar.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.08.2016:

Volda formannskap vel varaordfører Fride Sortehaug til komitéleiar.

PS 141/16 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - Godkjenning av selskapsavtale - justering av eigardel

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune gokjenner endring i eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (organisasjonsnr 982330459) i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

§ 5 Innskotsplikt og eigardel

Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

1502 Molde	6,156
1504 Ålesund	10,141
1505 Kristiansund	5,717
1511 Vanylven	1,483
1514 Sande	1,344
1515 Herøy	2,621
1516 Ulstein	2,513
1517 Hareid	1,868
1519 Volda	2,634
1520 Ørsta	2,960
1523 Ørskog	1,294
1524 Norrdal	1,163
1525 Stranda	1,750
1526 Stordal	1,038
1528 Sykkylven	2,362
1529 Skodje	1,754
1531 Sula	2,617
1532 Giske	2,446
1534 Haram	2,666

1535 Vestnes	2,151
1539 Rauma	2,326
1543 Nesset	1,426
1545 Midsund	1,250
1546 Sandøy	1,087
1547 Aukra	1,535
1548 Fræna	2,769
1551 Eide	1,525
1554 Averøy	1,994
1557 Gjemnes	1,351
1560 Tingvoll	1,452
1563 Sunndal	2,260
1566 Surnadal	2,023
1567 Rindal	1,240
1571 Halså	1,143
1573 Smøla	1,261
1576 Aure	1,538
1500 Møre og Romsdal fylkeskommune	17,142
Sum	100,00

Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

Volda kommune gøkjenner endring i eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (organisasjonsnr 982330459) i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

§ 5 Innskotsplikt og eigardel

Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som

ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsettast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

1502 Molde	6,156
1504 Ålesund	10,141
1505 Kristiansund	5,717
1511 Vanylven	1,483
1514 Sande	1,344
1515 Herøy	2,621
1516 Ulstein	2,513
1517 Hareid	1,868
1519 Volda	2,634
1520 Ørsta	2,960
1523 Ørskog	1,294
1524 Norddal	1,163
1525 Stranda	1,750
1526 Stordal	1,038
1528 Sykkylven	2,362
1529 Skodje	1,754
1531 Sula	2,617
1532 Giske	2,446
1534 Haram	2,666
1535 Vestnes	2,151
1539 Rauma	2,326
1543 Nesset	1,426
1545 Midsund	1,250
1546 Sandøy	1,087
1547 Aukra	1,535
1548 Fræna	2,769
1551 Eide	1,525
1554 Averøy	1,994
1557 Gjemnes	1,351
1560 Tingvoll	1,452
1563 Sunndal	2,260
1566 Surnadal	2,023
1567 Rindal	1,240
1571 Halså	1,143
1573 Smøla	1,261
1576 Aure	1,538
1500 Møre og Romsdal fylkeskommune	17,142
Sum	100,00

Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.

PS 142/16 Kvinnepolitisk tiltak - løyving av midlar

Handsaming:

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Formannskapet vil rå til at tiltaket vert innarbeidd i samband med framlegging av sak om budsjettkorrigerering for 2. halvår.

Røysting:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 16.08.2016:

Formannskapet vil rå til at tiltaket vert innarbeidd i samband med framlegging av sak om budsjettkorrigerering for 2. halvår.

PS 136/16 Voldsfjordkryssing AS

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune syner til den pågåande prosessen med utviding av aksjekapitalen i selskapet "Voldsfjordkryssing AS". Kommunen ser med glede på at oppstarten av selskapet Voldsfjordkryssing AS har fått så sterk lokal støtte og at ein no får auka aksjekapitalen til om lag 1 mill.

Kommunen syner til tidlegare inngått aksjepost på kr. 300.000.- i selskapet og vil på dette tidspunktet ikkje gjere endringar i høve til den.

Handsaming:

Jørgen Amdam reiste spørsmål om gildskap, han er styreleiar for Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e. Jørgen Amdam tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Dan Bjørneset tok sete som setteordførar.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om gildskap, han er medlem og sekretær i styret for Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e. Odd A. Folkestad tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting gildskap:

Jørgen Amdam vart samrøystes kjent ugild.

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent ugild.

Det var sju røysteføre under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.08.2016:

Volda kommune syner til den pågåande prosessen med utviding av aksjekapitalen i selskapet "Voldsfjordkryssing AS". Kommunen ser med glede på at oppstarten av selskapet Voldsfjordkryssing AS har fått så sterk lokal støtte og at ein no får auka aksjekapitalen til om lag 1 mill.

Kommunen syner til tidlegare inngått aksjepost på kr. 300.000.- i selskapet og vil på dette tidspunktet ikkje gjere endringar i høve til den.

Jørgen Amdam og Odd A. Folkestad tok sete.

PS 143/16 Orienteringssaker

OS 106/16 Hornindal kommune - Melding om vedtak - endra kommunestruktur

OS 107/16 Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020- Høyring

Ordføraren deltek på høyringsmøte i Ålesund 08.09.2016 vedk. fylkesplan for Møre og Romsdal. Formannskapet vert oppmoda til å kome med innspel til ordføraren i forkant av møtet.

OS 108/16 Utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur - høyring

OS 109/16 Referat frå møte med Møre og Romsdal politidistrikt 13.06.16

OS 110/16 Tilsyn - Volda kommune Brannvesenet

OS 111/16 Lokale for NAV Ørsta/Volda

OS 112/16 Oversending av rapport frå tilsyn/etterkontroll av Volda mottak og Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige

OS 113/16 Invitasjon til Nasjonal veterankonferanse 2016

OS 114/16 Volda næringsforum

Odd A. Folkestad ytra ønske om eit tettare samarbeid mellom Volda kommune og Volda næringsforum. Det vart etterspurt informasjon om status for arbeidet og framtidige planar, samt ei klargjering av kva som ligg innanfor prosjektet MBV (Mellom bygningane i Volda).

Møtet slutt kl. 15:45

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
16.08.2016

Sonja Håvik
konsulent